

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen	FA - H41	18/832

Saknr	Utval	Type	Dato
096/2018	Formannskapet	PS	28.11.2018
066/2018	Kommunestyret	PS	13.12.2018

Retningslinje for tildeling av omsorgsbustad

Vedlegg:

Journalposttittel

Retningslinje tildeling omsorgsbustad for Masfjorden kommune

Dato

21.11.2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Retningslinjer for tildeling av omsorgsbustad vert godkjent slik den ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Masfjorden kommune har hatt ein praksis for å tildele omsorgsbustader, men det har ikkje vore utarbeida eigne retningslinjer for praksis. Kommunen ser at det er eit stort behov for å utarbeide slik retningslinjer som ein kan bruke i saksbehandling. Tildeling av omsorgsbustader er ikkje direkte omfatta av lovverk, slik som tildeling av institusjonsplass. Kommunal retningslinje for tildeling av omsorgsbustad vil bidra til at kommunen sikrar likebehandling av søkjarar, og handtering av venteliste.

Fakta

Omsorgsbustader er eit tilbod til personar som på grunn av alder, helse, funksjonshemming m.m. har eit omfattande behov for ein bustad som er lagt til rette med heimebaserte helse- og omsorgstenester i, eller i nærleiken, og som er avhengig av praktisk eller personleg hjelp for greie seg i det daglege. Bustad kan vere frittståande eller ha inkludert fellesskapsløyisingar. Omsorgsbustader er bygd med tilskot frå husbanken, difor er kravet at dei som får tildelt bustad har eit omsorgsbehov.

Kommunen har i dag vanlege omsorgsbustader som ligg i nærleiken av heimetenestene, men når dei nye omsorgsbustadane på Hosteland kjem vil kommunen og ha bustader med tilgang til døgnbemanning. Dette blir ofte definert som omsorgsbustad pluss, og er eit tilbod til dei som har

store hjelpebehov.

Vurdering

Å skaffe seg ein bustad er i utgangspunktet eit privat ansvar, og kommunale bustadar er ikkje ein lovfesta rettighet. Kommunen pliktar å medverke til å skaffe bustader til personar som ikkje sjølv kan ivareta sine interesser på bustadmarknaden, det vil sei bustad som er spesielt tilpassa for dei som treng det på grunn av alder, funksjonshemming, eller av andre årsaker.

Det er tiltaksrådet som fattar vedtak om innvilga eller avslag på søknad om omsorgsbustad i samsvar med retningslinja. Kommunal retningslinje for tildeling av omsorgsbustad vil bidra til at kommunen sikrar likebehandling av søkjarar, og handtering av venteliste. Sakshandsaminga skjer i tråd med forvaltningslova. Viss ein ikkje får innvilga omsorgsbustad så skal klage på vedtak sendast tilbake til forvaltningskontoret, som handsamar klagen i samråd med tiltaksrådet. Dersom søkar ikkje får medhald i klagen vert den sendt til kommunen sitt klageorgan som er formannskapet, for endeleg avgjerd.

Det som er ei utfordring i Masfjorden kommune er at ein får søkjarar til omsorgsbustader som ikkje bur i kommunen. Når det gjeld institusjonsplass er det med flytting mellom kommunar regulert i lov og forskrift, men dette gjeld ikkje omsorgsbustad. Det vil sei at kommunen kan lage sine egne retningslinjer i høve vilkår og kriterium for tildeling av omsorgsbustad. På bakgrunn av dette har rådmannen lagt inn eit vilkår i retningslinjer for tildeling av omsorgsbustad som regulerer tilhøve til søkjarar som ikkje bur i kommunen.

Konklusjon

Retningslinjer for tildeling av omsorgsbustad vert godkjent slik den ligg føre.

Formannskapet - 096/2018

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) bad om at retningslinjer for tildeling av omsorgsbudstader vart evaluert om eit par år. Formannskapet slutta seg til dette.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Retningslinjer for tildeling av omsorgsbustad vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunestyret - 066/2018

KS - behandling:

Helse- og omsorgsleiar Helga Irene Ellingsen møtte til denne saken.

Saka vart drøfta:

Arthur Sjursen (Ap) la fram følgjande framlegg til endring i vedtektene i pkt 8 avsnitt 2:

Dersom leigetakar døyr eller flyttar, vert leigeforholdet automatisk overført til attlevande/attbuande ektefelle/sambuar.

Rådmannen la fram forslag om å styrke pkt 8 i vedtektene og å evaluere retningslinene om eit år.

Ap trekk sitt framlegg.

Røysting:

Det vart først røysta over rådmannen sitt forslag om å styrke pkt 8 i vedtektene. Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over retningslinjene samla.

Framlegg til vedtak frå formannskapet med endringa i pkt 8 vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Retningslinjer for tildeling av omsorgsbustad - med stryking av pkt 8 - vert godkjent slik den ligg føre.